



forum for
natur og
friluftsliv i
Sogn og Fjordane

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Leikanger, 10. juni 2014

HØYRINGSFRÅSEGN TILLEGGSSØKNAD FOR NY YTRE RING Y NORDFJORD

FNF - Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftsansjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og friluftsansjonane i aktuelle saker. FNF arbeider også for å sikre areal for eit aktivt friluftsliv. Friluftsliv er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og vern om naturen er å sikre livsgrunnlaget for oss sjølve og komande generasjonar. Friluftsliv er ei kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse.

FNF vil i samarbeid med Sogn og Fjordane Turlag, Norsk Ornitologisk Forening, Sogn og Fjordane fylkeslag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Kystlaget Hornelen kome med følgjande fråsegn til tilleggssøknaden frå SFE for ny 132 kV ytre ring Y Nordfjord. Fråsegna er i stor grad grunna på opplysningar innhenta frå organisasjonane og lokalkjende einskildpersonar, i tillegg til sjølve søknaden med fagutredningar, og andre tilgjengelege kjelder. Vi takkar for at vi fekk utsett høyringsfristen frå 2. til 10.juni.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.802.

Om Norsk Ornitologisk Forening, Sogn og Fjordane

Norsk Ornitologisk Forening (NOF) er ein frivillig naturvernorganisasjon med hovudvekt på fuglar og fuglevern. Ein viktig del av arbeidet har vore å vere bindeledd mellom fugleinteresserte over heile landet. Etter kvart har bevaring av fugleartene og deira leveområde blitt meir sentralt i foreininga sitt arbeid. NOF står for ei line kor vi gjennom dokumentasjon av faktiske forhold prøvar å påverke utviklinga til fuglane sitt beste. NOF har ca. 9 100 medlemmer. Fylkeslaget i Sogn og Fjordane vart starta i 2013.

Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er fylkeslaget til Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon, 100 år i 2014. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn den toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Om Kystlaget Hornelen:

Kystlaget Hornelen, eit av 7 lokallag av Forbundet Kysten i fylket, har virksomheit som spenner frå det ytterste skjær til den innerste fjordarmen. Laget har fokus på bevaring og bruk av gamle sjøhus, kaier, og tradisjonsbåtar. Samt formidling og registrering av eldre kystkultur og kystkulturminner. Vi er eitt av 126 kystlag i landet som er tilslutta Forbundet Kysten med 10000 medlemmar totalt. Kystlaget Hornelen hadde 95 medlemmer i mars 2014. Studieaktivitet: Kurs i segling m.m. Arrangerer skuleopplegg i samband med den kulturelle skulesekken. Sjå <http://www.kysten.no>

Opprinneleg søknad

For dei delane av søknaden som og var med i SFE sin opprinnelege søknad, viser vi til uttale frå Sogn og Fjordane Turlag sitt Naturvernutval, v/ Alvar Melvær, datert 02.04.2013.

Tilleggsøknad, INON-område

Kart for status og reduksjon av INON-område kan ikkje vere rett for følgjande område: Strekninga Svelgen-Hennøy (trasealternativ 1.0/1.5). Her er det ikkje vist tap av INON i det heile, sjølv om traseane delvis kryssar INON, og for store deler av resten av strekninga går svært nær INON-området på halvøya nordvest for Svelgen. Dette vil gje ein relativt stor reduksjon av INON.

Alternativ 1.6 mellom Svelgen og Ålfoten krysser og eit INON-område og vil gje reduksjon i INON om det vert valt, om enn i mindre grad enn for strekninga Svelgen-Hennøy.

Tilleggs- / fagutreiing:

I samband med tilleggsutreiinga, har det vore gjennomført ein dags feltbefaring for landskap og for kulturminne/kulturmiljø langs dei nye trasealternativa. Det har vore 3 dagars feltarbeid i høve til naturmiljøet, hovudsakleg knytta til kystfuruskog, som tross alt utgjer berre delar av området som blir berørt.

For naturmiljøet elles baserer utreiinga seg på referansar og kildemateriell. For området som er omfatta av tilleggsøknaden er datagrunnlaget for naturmiljøet generelt dårleg (viktige naturtypar, vilt, raudlisteartar med vidare), og med eit så tynt grunnlag blir det feil å hevde at krava til kunnskapsgrunnlag i Naturmangfaldloven er oppfylt.

Kildemateriell med meir generell kunnskap om naturmiljø og kunnskap frå andre område er bra, men må kome i tillegg til meir omfattande registreringar i det området som søknaden omfattar.

For dei einskilde strekningane i tilleggsøknaden vil vi kome med følgjande merknadar og forslag:

Svelgen - Ålfoten:

På strekninga Svelgen – Ålfoten er det først og framst traseen forbi Sjørdalen naturreservat som har størst konfliktpotensiale. 420 kV-lina Fardal – Ørskog har alt ført til store inngrep i reservatet, og organisasjonane kan ikkje vere med på ytterlegare inngrep. Alternativ 1.6 kan vere ein moglegheit for å unngå inngrep i reservatet, men vil føre til ein mindre reduksjon av INON. Alt. 1.0 skjærer rett gjennom reservatet, men ved å først rive eksisterande 132kV-line og så leggje den nye lina i nøyaktig same trase, meiner ein at ein kan unngå nye inngrep i reservatet. Dette krev svært nøye opplæring og oppfølging av entreprenøren, som må utvise stor varsemd, elles kan det gje større konsekvensar for reservatet enn forutsett.

I Pyttane naturtypelokalitet må ein og rive eksisterande line før ein legg ny line i same trase, evt. ny

trase gjennom delar av lokaliteten der traseen for 420kv-lina ikkje går parallelt med eksisterande 132kV-line, slik at ein får parallellføring gjennom heile lokaliteten.

Ålfoten – Deknepollen

På strekninga frå Ålfoten til Deknepollen vil vi be om at det vert utreda nytt alternativ, der lina frå Ålfoten til Maurstad vert parallellført med 420kv-lina Fardal - Ørskog i same trase, og at ein vidare mot Deknepollen fører lina i allereie eksisterande kraftlinetrase, med parallellføring for å auke forsyningssikkerheita ut til Vågsøy.

Ved å følgje dette forslaget vil ein og langt på veg unngå inngrep i heilt nye område. Parallellføring av ulike liner fører og til at total breidde på rydebeltet vert smalare enn for to separate liner i kvar sin trase. Kostnadane knytt til rydding, framføring av vegar og anna infrastruktur, vert samstundes mykje lågare, noko som ein må ta med i det totale kostnadsbiletet for val av trase, saman med kostnadane for inngrep i nye område, som riktig nok er vanskelege å talfeste.

Ålfoten – Rugsund:

Om lina som eit sekundært alternativ til forslaget over skal bli ført via Rugsund, vil alternativ 4.1 frå Karlskaregga mot Blålida vere å føretrekke sidan den vil liggje i traseen til eksisterande 66kV-line som skal vekk. Omsynet til leve- / hekkeområde for sårbare rovfuglar gjer at ein må velge bort alternativ 4.0 på denne strekninga for å unngå kryssing lengre inne i Bortnedalen. Men ulempene for fastbuande i Bortnen vil vere større sidan lina vil liggje nærare busetnaden.

Omsynet både til rovfugl, storlom, smålom, vadefuglar med fleire er og ein av grunnane til at strekninga mot Rugsund ikkje er akseptabel som trase for ny kraftline.

For siste strekket frå Blålida mot Rugsund, vil alternativ 4.2, vere å føretrekke sidan forslaget i hovudsak vil følgje eksisterande line (som evt. skal bort), om ein skal sjå isolert på denne strekninga. Men det må og sjåast i samanheng med strekninga vidare over Rugsundet og Rugsundøya (sjå under).

Rugsund - Rugsundøy:

Mellom anna den store tettheita av kulturminne frå steinalderen og fram til i dag i området, tilseier at ein må unngå nye tekniske inngrep i og ved Rugsundet og Rugsundøya. I tillegg kjem problem som ei linekryssing av sundet vil føre til for mellom anna sjøfugl.

Rugsundområdet er eit mykje nytta område for båtfolk, Kystlaget Hornelen har eit anlegg der (Gulebuda) og reknar det som sitt kjerneområde. I tillegg har kystlaget under arbeid kystleia Ytre Nordfjord som vil vere eit opplegg for enkel, ikkje motorisert ferdsel. Kystleia gjer det mogleg å oppleve skjergarden på ein miljøvenleg måte - med robåt og enkel overnatting. Gjennom kystleia ønsker dei å formidle kystkultur og gje informasjon om natur og friluftsliv. Dei ønsker å kome fram til ein fornuftig bruk av offentlige eigedomar som ikkje lenger tener sin opphavlege bruk, som f.eks. fyra og forsvaret sine eigedomar. Kystleia Ytre Nordfjord tilbyr fleire moglegheiter for overnatting, og andre interessante historiske stader langs kystleia (sjå kystlaget si heimeside).

For å kome frå stad til stad kan du velje å bruke ein av båtane, spesielt kystleibåten "Skata". Er det dårleg ver kan du og velje seglbåten Aloha som tåler litt vind og ver, og du kan også overnatte ombord. Er det uforsvarleg å vere ute i båt på grunn av veret kan du følgje kyststiane til for eksempel Skongenes fyr, kystfortet Tongane på Rugsundøy eller andre destinasjonar.

Med utgangspunkt i Rugsund Handelsstad som tilbyr rimeleg overnatting til kystleifolket kan du ta fine dagsturar med robåten i nærområdet.

Evt. inngrep i området må og bli sett i samanheng med linekryssing av Skatestraumen (sjå Rugsundøy – Bremangerlandet C under). Sjøfuglreservata sør og nord for Rugsundøya er med på å gjere luftspenn over fjordane svært konfliktfylde, samstundes som dei vert svært synlege for folk, både lokalbefolkning og turistar som ferdast i området, både på land og til sjøs. For at lina skal vere godt synleg for luftfarten må lina bli godt merka slik at synlegheita og aukar frå land og sjø.

Heile området rundt Nord-Europas høgste sjøklippe, Hornelen, vil bli kraftig merka av inngrepa som luftspenn over Rugsundet og Skatestraumen vil føre til.

Det er svært vanskeleg å velje mellom alternativa 4.0 og 4.2 over Rugsundøya, om det ikkje blir mogleg å unngå Rugsundøya heilt, men minst konfliktfylt vil vi vurdere at 4.0 er.

Rugsundøy – Bremangerlandet C:

Strekninga frå Rugsundøya over Skatestraumen til eit evt. vindkraftverk på Bremangerlandet, er avhengig av at vindkraftverket får konsesjon. Ei utbygging av Bremangerlandet vindkraftverk vil organisasjonane sterkt rå i frå (sjå Sogn og Fjordane Turlag si fråsegn datert 02.04.2013).

Som nemnt over vil eit luftspenn over Skatestraumen vere heilt uakseptabelt sett frå organisasjonane si side.

Om vindkraftverket vert realisert må straumen bli tilknytta nettet ved å føre line over Husevågøy til Deknepollen, og då primært som sjøkabel over fjordstrekningane. Det må i så fall verte utreia om det finnes verdfulle marine naturtypar, korallar eller viktige gyteområde for fisk.

Om lina Ålfoten – Rugsund blir realisert vil vi sekundært føreslå å utrede alternativ til kryssing av Rugsundet og Skatestraumen, om mogleg under Rugsundbrua og gjennom Skatestraumstunnelen, evt. med sjøkabel frå Kollset til egna ilandføringssted på Bremangerlandet, lengst mogleg mot vest. Arbeidet med legging av evt. sjøkabel må ein vurdere om kan bli gjort utanom hekketida for sjøfuglane grunna nærleiken til sjøfuglreservata i Skatestraumen. Her må ein og sjå på om det finnes verdfulle marine naturtypar, korallar eller viktige gyteområde for fisk.

Rugsundøy – Deknepollen:

På strekninga over Nordfjorden er det føreslege sjøkabel. Om alternativ 4.3 vert vald må ein ta omsyn til hekketida for fuglane ved arbeid med kabelen forbi sjøfuglreservatet på Skorpeholmane. 4.3 er det mest sannsynlege alternativ om ein skal ta omsyn til Vågsøy kommune sine planar rundt Biskjelneset. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane sa i 2012 i ein uttale til ny fergestrekning over Nordfjorden at Biskjelneset var akseptabelt som fergekai om vegen blei ført til Almenningsfjellet hovudsakleg i tunnel, mens ein i utgangspunktet ikkje kan godta ei fergekai på Rugsundøya grunna kulturminnane og INON-området. Det same gjeld stort sett for ei kraftline, men for traseen på nordsida treng ein ikkje legge den heilt opp på Almenningsfjellet før den vert ført vidare mot Deknepollen. Men det er viktig som alternativ 4.0/1.0 legg opp til at lina vert ført godt unna bustadområda.

Konklusjonar:

På vegne av organisasjonane vil FNF be om at det blir laga tilleggsutreiingar på naturmiljø basert på grundige registreringar i områda for traseforslaga. Arbeidet som er gjort er ikkje omfattande nok. Det er vanskeleg å sjå at krava til kunnskapsgrunnlag i Naturmangfaldlova er oppfylt.

Ei vidare prioritering av alternative trasear er gjort ut frå at vi har prioritert dei alternativa som etter organisasjonane si vurdering gjer minst mogleg skade og gjev så lite inngrep i nye område som mogleg. I tillegg har vi føreslått nye trasear som ikkje er nemnt i tilleggssøknaden frå SFE. Den viktigaste endringa i så måte er at vi føreslår ny trase Ålfoten – Maurstad – Deknepollen i staden for Ålfoten – Rugsundøy – Deknepollen og at straum frå Bremangerlandet C, om vindkraftverket vert realisert, blir ført via Husevågøy til Deknepollen.

Vi vonar NVE vil vurdere forslaga våre seriøst, og at resultatet kan bli akseptabelt sett frå ståstaden til dei friviljuge organisasjonane innan natur og friluftsliv.

Sogn og Fjordane Turlag
Naturvernutvalet



Ron Overdevest, leiar

Norsk Ornitogisk Forening
Sogn og Fjordane
Anders Braanaas, leiar

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane



Marit Vøien Nes, leiar

Kystlaget Hornelen
Sigmund Larsen, leiar

Forum for natur og friluftsliv

Ove Eliassen, sakshandsamar